

ID 213.24  
AMH/thm

Ordførarar og kommunedirektørar/rådmenn i Sunnhordland

### **INNKALLING TIL MØTE I SUNNHORDLANDSRÅDET / REPRESENTANTSKAPET**

Fredag 14. juni kl. 09.00, Sveio kommunehus

#### Tidsplan:

Kl. 09.00	Sakshandsaming
Kl. 10.00	Orienteringar: <ul style="list-style-type: none"><li>• Utdanning og rekruttering til helse og omsorgssektoren<ul style="list-style-type: none"><li>○ Helse Fonna</li><li>○ HVL</li></ul></li><li>• Interkommunalt tenestesamarbeid -kva oppgaver kan me dela på?<ul style="list-style-type: none"><li>○ Drøfting i regionrådet for mogeleg veg vidare</li></ul></li><li>• Nytt frå Stortinget</li><li>• Nytt frå Region Sunnhordland</li><li>• Reisebrev frå Ukraina v/ Vegard Bjørnevik</li></ul>
Kl. 12.00	Lunsj
Kl. 13.00	Avreise til Sunnhordland planteskule

#### Sakliste:

Sak 21/24	Val av styre til Region Sunnhordland IKS
Sak 22/24	Fråsegn Sunnhordlandsrådet - Høyring KVV E39 Kryssing av Bømlafjorden
Sak 23/24	Felles formannskapsmøte
Sak 24/24	Skriv og meldingar <ul style="list-style-type: none"><li>a) Høyringsmøte 20.juni: Høyring og offentleg ettersyn for Utviklingsplan for Vestland</li></ul>
Sak 25/24	Ymse

Sunnhordland, 7. juni 2024

Tora Haslum Myklebust  
Dagleg leiar

## MØTEBOK

Sunnhordlandsrådet

Fredag 14. juni kl. 09.00  
Sveio kommunehus

Sak 21/24  
AMH/thm

### Val av styre til Region Sunnhordland IKS

Under §9 i selskapsavtalen til Region Sunnhordland står følgende:

#### § 9. Styret

Styret skal bestå av 5 medlemmer, med numeriske vararepresentantar. Funksjonstida til styremedlemmene er 4 år. Attval kan finne stad.

Styret har ansvar for forvaltninga av selskapet, og har ansvar for at selskapet si verksemd er tilfredsstillande organisert og for dagleg leiar si leing av verksemda.

Styret skal ha det mynde og ansvar i samsvar med lov og fullmakt frå representantskapet, for å leia selskapet si verksemd.

For den daglege drifta kan styret gje prokura til dagleg leiar eller styreleiar.

Styret gjev innstilling i saker som skal leggjast fram for representantskapet.

I Sunnhordlandsrådet sitt møte 12. april blei det sett ned ei valnemnd, som fekk i oppdrag å legge fram eit forslag til eit kompetansebasert styre 14. juni. Valnemnda har bestått av Filippo Ballarin, Kjetil Aga Gjøsæter og Sigbjørn Framnes. Valnemnda har vektlagt følgjande kompetanse: økonomisk, HR, næringsutvikling, juridisk, politisk, kommunikasjon og marknadsføring.

Valnemnda legg fram følgjande forslag til kandidatar:

- Kari Aakra, dagleg leiar Medvind
- Kjartan Eidsvåg, personalleiar Sveio kommune
- Terese Njåstad, dagleg leiar Stangeland Gard AS
- Kåre Martin Kleppe, fylkespolitikar Vestland
- Torstein Fjeldet Lunde, partner Odin advokatar

Med følgjande numeriske vararepresentantar.

1. Mari Pedersen Totland, prosjektleiar Bømlo Næringsråd
2. Svein Dale Soleng, forretningsutviklar SKL
3. Siri Rusten, personalkonsulent Kvinnherad kommune

Arbeidsutvalet legg fram følgjande forslag til styrehonorar:

- Kr. 20 000,- til styreleiar
- Kr. 10 000,- til styremedlem

**Framlegg til vedtak:**

Sunnhordlandsrådet /Representantskapet godkjenner at følgjande representantar blir vald til å sitte i Region Sunnhordland IKS sitt styre:

- Kari Aakra, dagleg leiar Medvind
- Kjartan Eidsvåg, personalleiar Sveio kommune
- Terese Njåstad, dagleg leiar Stangeland Gard AS
- Kåre Martin Kleppe, fylkespolitikar Vestland
- Torstein Fjeldet Lunde, partner Odin advokatar

Sunnhordlandsrådet /Representantskapet godkjenner at følgjande representantar blir vald til numeriske vararepresentantar for Region Sunnhordland IKS sitt styre:

1. Mari Pedersen Totland, prosjektleiar Bømlo Næringsråd
2. Svein Dale Soleng, forretningsutviklar SKL
3. Siri Rusten, personalkonsulent Kvinnherad kommune

Sunnhordlandsrådet /Representantskapet godkjenner følgjande styrehonorar for Region Sunnhordland IKS sine styremedlemmar og styreleiar:

- Kr. 20 000,- til styreleiar
- Kr. 10 000,- til styremedlem

## MØTEBOK

Sunnhordlandsrådet

Fredag 14. juni kl. 09.00  
Sveio kommunehus

Sak 22/24  
AMH/thm

### **Fråsegn Sunnhordlandsrådet - Høyring KVV E39 Kryssing av Bømlafjorden**

Statens vegvesen har laga ferdig Konseptvalutgreiing (KVV) for E39 Kryssing av Bømlafjorden. Samferdsledepartementet har bede Statens vegvesen sende konseptvalutgreiinga ut på høyring med frist 28.06.2024. Arbeidsutvalet legg fram følgjande forslag til fråsegn:

Sunnhordlandsrådet viser til høyringsbrevet frå Statens vegvesen, «Høyring/offentleg ettersyn KVV E39 Kryssing av Bømlafjorden», datert 25.03.2024, med høyringsfrist 28.06.2024.

Sunnhordlandsrådet støttar val av Konsept K3 for det vidare arbeidet med kryssing av Bømlafjorden. K3 verkar vere det konseptet med best måloppnåing, realisme og som samfunnsmessig sett kjem best ut. For Sunnhordlandsrådet er kyststamvegen av sentral betydning. Sunnhordlandsrådet vil påpeike viktigheita av at det i det vidare arbeidet blir innarbeidd løysningar i prosjektet som sikrar god beredskap, god trafikkflyt, redusert klimautslepp og mindre risiko for trafikantane. Sunnhordlandsrådet bed om at det ved val av K3 stilles krav om at ikkje prissette verdiar skal takast omsyn til i det vidare arbeidet, og vektleggast i val av løysningar.

Utgreiinga føreset at E39 Stord – Os («Hordfast») blir bygd. Sunnhordlandsrådet vil understreke at det er behov for ein utbetring av dagens Bømlafjordtunnel, uavhengig av Hordfast. Nasjonal infrastruktur må halde høg kvalitet, og som KVV-dokumentet viser, er det nødvendig å betre både trafikktryggleik og beredskap. Rogfast blir realisert, noko som ytterlegare styrker behovet for ein betre fjordkryssing.

Sunnhordlandsrådet ser fram til eit konstruktivt samarbeid med Statens vegvesen i det vidare arbeidet.

#### **Framlegg til vedtak:**

Sunnhordlandsrådet /Representantskapet godkjenner framlegg til fråsegn.

## MØTEBOK

Sunnhordlandsrådet

Fredag 14. juni kl. 09.00

Sveio kommunehus

Sak 23/24

AMH/thm

### **Felles formannskapsmøte**

Arbeidsutvalet legg fram forslag om at det blir arrangert felles formannskapskonferanse ein gong i året. Dette for å sikre at viktige regionale saker blir godt forankra på tvers av alle kommunane. Dei andre regionråda i Vestland fylkeskommune, arrangera felles formannskapskonferanse 1 til 2 gonger i året. På Hauglandet arrangerer dei 1 gong i året.

### **Framlegg til vedtak:**

Sunnhordlandsrådet /Representantskapet godkjenner at det blir arrangert felles formannskapskonferanse ein gong pr. år.

## MØTEBOK

Sunnhordlandsrådet

Fredag 14. juni kl. 09.00

Sveio kommunehus

Sak 24/24

AMH/thm

### Skriv og meldingar

**a) Høyringsmøte 20.juni: Høyring og offentleg ettersyn for Utviklingsplan for Vestland**

Utviklingsplan for Vestland 2024-2028 er Vestland fylkeskommune sin regionale planstrategi etter plan og bygningslova § 7-1. Planstrategien definerer langsiktige mål for samfunnsutviklinga, prioriterer strategiar for å oppnå måla og slår fast kva regionale planar vi skal utarbeide, revidere eller vidareføre dei neste fire åra. Planstrategien skal setje strategisk retning for samfunnsutviklinga, bidra til å samordne offentleg sektor og mobilisere resten av samfunnet.

Forslaget leggjast ut til høyring frå **14. juni med frist 2. september 2024.**

Vestland fylkeskommune inviterer digitalt høyringsmøte 20.06.2024, kl 10.00 – 11.30.